

Antal grågås og kanadagås i Hordaland er stigande. Aukande beitetrykk og tidligare start på haust og vårtrekk gir utfordringar. Forvaltningsplanen gir informasjon om ulike tiltak, samt bestandsmål for dei ulike gåseartane vi har.

Forvaltnings plan for gås

Austrheim, Fedje og Radøy
kommune

Felles landbrukskontor

Forord

Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy har på vegne av gardbrukarane i kommunane utarbeidd ein communal forvaltningsplan for gås. Arbeidet vart starta opp av Kristine S. Born og fullført av Andreas Granli, i tillegg har arbeidsgruppa stilt med lokalkunnskap og lokal forankring.

Hordaland fylkeskommune har stått for delfinansiering av planarbeidet. Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy vil takka Hordaland fylkeskommune for finansieringa som har gjort planarbeidet mogleg. Samstundes vil me takka arbeidsgruppa ved André Michelsen, Edgar Grindheim, Eivind Børilden, Kari Kvammen, Roy Øksnes og Øyvind Ullestад for sin innsats både gjennom taksering og meiningsutveksling gjennom arbeidet. Bestandsplanen for Austrheim, Fedje og Radøy er meir omfattande enn kva som er kravet til kommunale forvaltningsplanar. Kommunane vil at planen skal vera eit godt verktøy både for bonde og jeger og at den skal vere eit godt grunnlag for vår felles forvaltning av gåsa i våre kommunar.

Samandrag

Det er lokalt stor konflikt mellom landbruk og gås i Nordhordland. Konflikten mellom turisme og gås er ikkje like tydeleg, men vil truleg auke i takt med aukande bestand. Bestandsplanen gjev større handlingsrom for forvaltning av gås i Austrheim, Fedje og Radøy. Fram til no har skadefelling vore einaste løysing der gåsa kjem i store flokkar.

Dei ulike gåseartane reagerar ulikt på forvaltningstiltak og har ulik hekkebiologi og åtferd. Om det vert opna for tidligare jaktstart, skal jakta foregå på innmark. All skremming og jaging skal også foregå på innmark. Fleire av holmane og øyane i kommunane er aktuelle friområde for fugl. Sanking av grågåsegger er eit effektivt forvaltningstiltak når ein kjenner til hekkelokalitetar.

Forvaltninga sitt bestandsmål er ei levekraftig stamme med akseptable skadenivå på innmark. Plana legg til grunn at det vert godkjend forskrift om jaktstart frå 26. juli begrensa til jakt på innmark. Det vert og lagt til grunn at Fylkeskommunen opnar for utvida jakttid på kanadagås.

Eggsanking er viktig for grågåsforvaltninga og det er behov for sinking utover 15. april. Fylkesmannen kan gje løyve til sinking etter 15. april i områder som har godkjend forvaltningsplan.

Innhold

Forord	1
Samandrag	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Innleiing	4
Gjæs i Austrheim, Fedje og Radøy	4
Biologi, bestandsstoleik og bestandsutvikling	5
Heimehøyrande artar	6
Grågås - <i>Anser anser</i>	6
Kortnebbgås – <i>Anser brachyrhynchus</i>	7
Sædgås – <i>Anser fabalis</i>	7
Kvitkinngås – <i>Branta leucopsis</i>	8
Ringgås – <i>Branta bernicla</i>	8
Tundragås – <i>Anser albifrons</i>	9
Framande artar.....	9
Kanadagås – <i>Branta canadensis</i>	9
Stripegås – <i>Anser indicus</i>	10
Bestand og statistikk.....	11
Skadeomfang.....	13
Gåsejakt	15
Juridiske rammer og retningslinjer i forvaltning av gjæs.....	18
Mål	21
Forvaltningsmål.....	21
Bestandsmål	21
Tiltak	22
Innflygingshinder	22
Skremme- og friområde	22

Gjerder.....	22
Eggsanking	23
Skadefelling.....	24
Tiltaksområder	24
Friområder	24
Skremmeområder	25
Forslag til forskrift	25
Kjelder	26
Vedlegg	27

Innleiing

I Radøy, Austrheim og Fedje er det i all hovudsak grågås og kanadagås som er dei dominerande gåseartane. I dei seinare åra har konfliktane mellom gjæsene og landbruk auka, truleg grunna ei generell bestandsauke. Sjølv om konfliktane er store er ikkje gåsa eit reint negativt innslag i faunaen. Den er ein naturressurs som gjev, og har potensiale for å gje, opplevingsverdi for mange i vårt område. Forvaltninga vår må stå i stil til dei utfordringane vi no møter. Dette er bakgrunn for utarbeidninga av forvaltningsplan for gås i Radøy, Austrheim og Fedje.

Vår forvaltning er styrt gjennom ulike konvensjonar, lover og retningsliner. Sjølve grunnmuren i forvaltninga er naturmangfoldslova §5: *Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder.*

Gjennom kjennskap til gåsa og regionale forhold søker vi å nå ei målsetjing om tilfredsstillande forvaltning. Plana byggjer på data innsamla gjennom teljingar utført i samband med planarbeidet. Med dei bestandsnivå og det skadeomfanget vi ser i dag er det viktig å leggje til rette for ei aktiv og god forvaltning.

Gjæs i Austrheim, Fedje og Radøy

Gjæs er blitt eit vanlegare syn i Hordaland dei siste tiåra. I Noreg hekkar det 8 gåseartar og to av desse er framande; kanadagås og stripegås. I Hordaland hekkar berre grågås og kanadagås, men nokre av dei andre artane raster her på trekk vår og haust. Grågåsa utgjer den største bestanda av gås i Hordaland. Det er vanlig å dele bestanden inn i to ulike grupper:

- Hekkande gås
- Ikkje-hekkande gås

Dei to gruppene har ulik bruk av areala gjennom sesongen og det er difor viktig at vi differensierer mellom dei i forvaltninga. Dei ikkje-hekkande fuglane flyttar seg ofte meir og startar trekket tidligare enn sine hekkande artsfrender.

I våre kommunar vert areala nytta til grovforproduksjon for sau og storfe. Gåsa startar tidlig i sesongen med beiting av desse areala og reduserar både storleik og kvalitet på avlinga.

Biologi, bestandsstoleik og bestandsutvikling

Gjæs høyrer inn under orden andefuglar og deles inn i to slekter; *Anser* og *Branta*. Dei fleste er trekkfuglar med hekkeområde i nord og vinterområde lenger sør.

Trekket er eit resultat av fuglanes evne til å flytte seg over store distansar på relativt kort tid. Dei fleste hekkeområdane er frodige og byr på godt med mat vår og sumar. Vinterstid er det ofte dårligare med mat og klima byr på utfordringar. Fuglane migrerer difor til varmare strøk der klima og tilgang på mat er betre i vinterhalvåret. Utviklinga dei seinare åra har ført til milder temperaturar her til lands og betre beiteforhold på vinteren. Det er og teikn på at det er vekst i ein del gåsebestandar i verda. Betre beite og aukande mengde fugl er truleg årsaka til at vi ser tendensar til at fleire fuglar overvintrar i vårt område no enn tidligare.

Dei fleste fugleartar myter fjørdrakta ein gong i året. Denne utskiftinga er viktig grunna slitasje på fjøra gjennom året. Til forskjell frå dei fleste andre artar myter gåsa alle dei store vengefjøra samtidig og er dermed ikkje flygedyktig i ein periode på 3-4 veker. Gåsa er sårbar og sky under mytinga. Åtferda held fram og ei tid etter mytinga. Gåsa er difor særskilt var under hausttrekket. Mytinga er ein energikrevjande prosess for fuglen og det er ikkje uvanlig at dei opplever ein vektredusjon på 25 % av kroppsvekta i denne perioden.

Heimehørende arter

Grågås - *Anser anser*



Bilete 1 Grågås

Hekkar i store deler av Nord-Europa og Russland til Stillehavet. I Noreg hekkar grågåsa langs heile kysten, men hovudsakleg frå Rogaland til Nordland. Fylkesmannen vurderte i 2007 haustbestanden av grågås til om lag 2000 fugl i Hordaland. Hordalands tettaste grågåsbestand held til på Fedje.

Hovudovervintringsområder for grågås i den nordvest-europeiske bestanda er Spania og Nederland (Kristiansen mfl. 2005, Madsen 1987). Bestanda er vurdert til om lag 200 000 individ (Nilsson mfl. 1999). Grågåsa vert 3-4 kg og mellom 75-90 cm lang.

Habitat og hekkebiologi.

Grågåsa hekker frå april til juni i områder med god tilgang på mat og kort veg til vatn. Ho er i Noreg knytt til kystområder med holmar og skjer, men ein finn og hekkande individ fleire kilometer inn på land. Reiret ligg normalt i skjul av buskar, kratt eller plantefelt. Normalt får grågåsa høgst 5-6 egg. Grågåsa ruger normalt 27-29 døgn før ungane klekker og ungane er flygedyktige etter 10 veker (Direktoratet for naturforvaltning 1996). Reira kan vere krevjande å finne da dei er godt skjult. I Hordaland har truleg hekketidspunktet kome tidlegare da gåsa kjem

til hekkeplassane stadig tidlegare enn før. Eksempelvis vart det funne reir i egglegging ved feltarbeid på Aksnesholmane naturreservat 28. mars 2007 (Stein Byrkjeland pers. med.).

Grågåsa har eit kort nebb og lever av gras og urter. Gåsa kjem relativt tidlig på våren, før graset i Nordhordland har fått starta vekstsesongen. Mykje av beitinga på innmark skjer i ein periode der graset er i spiringsfase. Ein flokk kan difor gjera stor skade på relativt kort tid. Skade på eng fører til lokalt store konfliktar mellom landbruket og gåsa.

Trekk

I følgje Håland (1979) og Follestad (1994) starta grågåsa trekket sørover i løpet av september. Trekktidspunktet har blitt forskyve med fleire veker dei siste 20 åra og i dag startar trekket allereie før jakta startar den 10. august (Steinsvik 2008). Slik utviklinga er no, med mildare vintrar og høve for gode beite store delar av vinteren, kan vi venta oss ei auke i mengde overvintrande grågås langs kysten. Det vert allereie i dag observert større flokker overvintrande grågås i Nordhordland.

Kortnebbgås - *Anser brachyrhynchus*

Arten er delt på to ulike populasjonar. Den eine populasjonen hekkar på Island/Aust-Grønland og den andre på Svalbard (Direktoratet for naturforvaltning 1996). Det er populasjonen frå Svalbard som, vår og haust, trekkjer langs Norskekysten. Det er ikkje vanleg at arten overvintrar her til lands, men dei rastar gjerne i landbruksområder. Rasteplassane ligg i hovudsak i Trøndelag og Vesterålen, men det vert observert individ som rastar i Hordaland. Det skjer og at kortnebbgås vert felt under jakt i Hordaland.

Kortnebbgåsa er den største av dei tre gåseartane som hekkar på Svalbard. Fjørdrakta er hovudsakleg brun og fuglen er normalt 60-75 cm lang og 2,2-2,8 kg.

Sædgås - *Anser fabalis*

Sædgåsa er ein utprega innlandsfugl i motsetnad til dømes grågåsa som held til ute ved kysten. Den hekkar i nordlege skogområde frå Stillehavet gjennom taigaområde i Nord-Russland til nordlege skogområde i Fennoskandia. Sædgåsa har helst ei austleg trekkrute og ein stor del frå Noreg rastar gjerne i Sverige. Frå rasteplassane i Sverige trekker dei vidare til Danmark, Vest-

Tyskland og Nederland (Direktoratet for naturforvaltning 1996). I Hordaland er sporadiske observasjonar gjort og nær alle observasjonane er gjort i trekket, saman med andre gjæs.

I Noreg hekkar sædgåsa truleg i våre nord-austlege område. Reira vert plassert i skogområde, helst ved vaten eller myr. Ungane er godt tilpassa korte arktiske somrar og er flygedyktige 40 døgn etter klekking.

Sædgåsa har ikkje fastsatt jakttid og er totalfreda.

Kvitkinngås - *Branta leucopsis*

Kvitkinngåsa er ein arktisk art som opptrer naturlig i tre ulike populasjonar med hekkeområde på Aust-Grønland, Svalbard og Novaja Semlja (Mehlum 2016). Arten har framgang og bestanden veks. I 2005 var det registrert ein minimumsbestand på 154 hekkande par i indre Oslofjorden (Oslo kommune 2006). Para i Oslofjorden er truleg eit resultat av rømt tam fugl (snl.no). Flokkar på trekk frå nord områda vert ofte observert i Hordaland, både vår og haust. Det har og vert observert rastande flokkar på Fedje.

Kvitkinngåsa har ikkje fastsatt jakttid og er totalfreda.

Ringgås - *Branta bernicla*

I Noreg hekkar arten på Svalbard og den er blant dei nordlegaste hekcefuglane i verda. Grunna sterke tilbakegang i bestanda blir den og rekna som ein av dei minste gåsebestandane i verda (Direktoratet for naturforvaltning 1996). Svalbardpopulasjonen nyttar Danmark og Nordaust-England som overvintringsområde. Trekket går da langs Norskekysten, utan at det er registrert større rasteplassar her til lands. Arten blir ofte observert på haust- og vårtrekk i Hordaland, dei som blir observert rastande gjer det i flokk med andre gåseartar.

Arten har ikkje fastsatt jakttid og er totalfreda.

Biologi

Ringgåsa er relativt liten og vert 56-61 cm lang og veg 1,1-1,6 kg. Det er to underartar med ulik fjørdrakt. Svalbardpopulasjonen har lys gråbrun buk, oversida og vingane er gråbrun. Det er den mørkbuka som er vanlegast av dei to, men ein flokk lysbuka er observert hekkande på Svalbard. Ringgåsa legg 3-5 egg og rugetida er 26-28 dagar.

Hekking

Arten hekkar i par eller i lause koloniar og egglegginga tek til i juni. Normalt legg fuglen tre til fem egg og rugetida er 24-26 dagar. Ungane er flygedyktige etter om lag seks veker.

Tundragås - *Anser albifrons*

Ulikt mange av dei andre gåseartane, deler vi tundragåsa inn i tre ulike underartar. Den grønlandske underarten er den som blir observert i Noreg under hausttrekket. Det blir spekulert i at det er vindforholda under trekket som avgjer mengda av tundragås som kjem innom Noreg under trekket.

Framande artar

Kanadagås - *Branta canadensis*

Opphavleg vart kanadagåsa introdusert til Noreg i håp om å etablere arten som eit nytt jaktobjekt, den vart da importert frå Nord-Amerika. Sjølv om den først vart satt ut på 30-talet var det ikkje før det vart satt ut nærmare 800 individ mellom 1960-1984, at bestanda for alvor begynte å vekse (Steinsvåg 2008). Det er lokalt tette populasjonar av kanadagås i Nordhordland, spesielt i Austrheim vert det observert ein god del individ.

Habitat og hekkebiologi

Kanadagåsa hekkar helst på holmar. Reira er ofte enklare å finne, enn til dømes grågås reir, då dei ligg meir eksponert. Den er likevel fleksibel med tanke på reirplassering. Territoriet, i hekketida, varierer i storleik avhengig av beite, bestandstorleik og alder. Både hann- og hofugl forsvarar territoriet, men spesielt hannfuglen er aggressiv i sitt forsvar (Direktoratet for naturforvaltning 1996). Normalt legg kanadagås 5-6 egg i midten av april eller tidligare. Fuglen blir kjønnsmogen når den er 2-3 år gammal.

Trekk

Kanadagåsa overvintrar i Noreg, ofta nære sjø eller ferskvatn (Heggberget og Reitan 1994). Den trekker ikkje langt, men flyttar seg ofte lokalt til betre vinterområde. Kjenneteikn på gode vinterområde er ope vatn og beitemoglegheiter. Herdla naturreservat er eit slikt område i

Hordaland. Milde vintrar med lite snø gjer at kanadagåsa kan gjera store skader på innmark i Nordhordland. Det er spesielt beiting og tråkk utanom vekstsesongen som gjev langvarige skadar.

Stripegås - *Anser indicus*




På verdens basis var det i 2007 rundt 10 000 individ, i Noreg er stripegåsa ein framand art (Steinsvik 2008). I Noreg vart bestanda av stripegås estimert til mellom 10-49 individ i 2007. Arten er eit skjeldent syn i Hordaland, i følgje artsdatabanken (2007) har den likevel potensiale til å etablera seg her til lands. Arten er jaktbar og innførsle og utsetting er forbode etter Viltlovas §47.


Bestand og statistikk

I 2007 var det estimert at grågåsbestanda i Hordaland var på minimum 1770 individ. Den reelle bestanda kunne allereie da vera på 2000 individ (Steinsvåg 2008). Lite er gjort på kommunenivå i form av teljing og utarbeiding av bestandsestimat.


Forholda i Hordaland egner seg godt for gåsa. Klima er mildt og dei talrike holmane, særleg i Nordhordland, gjer at fuglen har godt med både mat og skjul.




Figur 1 Registrering av gås i Austrheim 2.april 201X



Figur 2 Registrering av gås i Austrheim kommune 16.april 201X.



Figur 3



Figur 4

Planarbeidet er basert på teljingar gjort i kommunen. Registreringane viser at grågåsa utgjer største delen av gjæs i kommunane våre. I 2016 vart det gjennomført teljing 2. og 16. april i både Radøy og Austrheim kommune. Den 2. april vart det registrert 114 gjæs på telleområda i Radøy, 102 av disse var grågås og resten var kanadagås. Same dag vart det registrert 129 gjæs på telleområda i Austrheim, 5 kanadagås og resten grågås. Den 16. april var totalt 129 gjæs registrert på telleområda i Radøy, av disse var 18 kanadagås og resten grågås. I Austrheim vart det same dag registrert 60 gjæs, alle av dei grågås. Legg merke til at tabellane og tala ikkje er direkte

samanliknbar da det ikkje er like mange registreringspunkt i dei to kommunane. Områda er likevel utvalt slik at dei skal gje eit representativt utval i begge kommunane.

I teljinga på Radøy 2. april vart det på Floni,nordom floren, registrert totalt 38 gjæs, det var ikkje mogleg å identifisera art. På tross av dette og forskjellen mellom grågås og kanadagås er det mest truleg grågås det er snakk om, det støttast opp av dei andre observasjonane. Den 16. april blei områda telt igjen og det vart då ikkje observert anna gås enn grågås på dei to lokalitetane.

Teljingane våre viser at grågåsa er den vanligaste gåsa i våre kommunar, og i våre registreringer er det ikkje observert anna enn grågås og kanadagås. Til forskjell frå grågåsa trekker ikkje kanadagåsa i Noreg og den overvintrar her til lands. Problematikken med at trekktidspunkt kjem tidligare er derfor ikkje tilstade i forvaltninga av kanadagåsa. Då me ikkje har registrert andre artar enn grågås og kanadagås vil planen og reflektere dette.

For å kontrollere status på bestanda vert det lagt opp til årlege teljingar. Det vil forankre planen til verkelegheita og gjev eit betre kunnskapsgrunnlag for vidare forvaltning. Registreringane skal skje første og tredje helga i april og datamaterielet vert tilført forvaltningsplanen når den skal rullerast.

Det er ikkje gjort registreringar på Fedje i denne omgang. Det er likevel godt kjent at Fedje har ein av dei tettaste bestanda av gås i Hordaland. I dag er det lite jordbruksaktivitet på Fedje, men dei som framleis driv jorda har problem med gåsa. Grunna sin nærleik til fastlandet og den relativt lave utnyttinga av areala på øya, er Fedje truleg den plassen det er enklast å få til friområde utan for store konfliktar.

Skadeomfang

I tillegg til beiteskader produserer grågåsa ekskrement kvart 4-5 minutt, opptil 600-700 gram i løpet av et døgn. Skadepotensialet er derfor stort når fleire gjæs samlast på eit jorde.



Bilde 2 Ekskrement frå gås på Fonnes, foto frå Kristine Skaiaa Born.

Beiting av enga gir reduserte avlingar og ekskrement i føret kan gjere det ueigna som dyrefor. Gåsa byrjar å beite graset når det nett har starta å spira og er i ei sårbar fase, og kan såleis gjera stor skade på bondens avling. Når vi veit at gåsa produserer 600-700 gram avføring i døgnet, er det klart at matinntaket må vere høgare. Heile fôrinntaket skjer truleg ikkje på innmark, 500 g gras for kvar gås/døgn er truleg ein nøktern sats. Ein flokk på ti gås et gjerne 5 kg spire i døgnet, det vert då snakk om store område med øydelagt eng.


Investering i gjødsel og skjøtsel av teigen går tapt samstundes som det ofte må kjøpast fôr frå andre til dyra. Belastninga på gardbrukar kan derfor verta stor. I tillegg har vi effektar av kontinuerleg beite utan fornying. Om beita ikkje blir holdt ved like på grunn av at gåsa øydelegg beitegraset vil dei gro igjen eller kvaliteta vert redusert i ein slik grad at gåsa søker stadig lengre inn etter nye område. Problemstillinga er reell og må takast på alvor.

Erfaringsvis er det i Austrheim me har størst konflikt mellom gåsa og jordbruket. Kommunen har eit aktivt jordbruk og det som er av jordbruksareal vert nytta til grovforproduksjon og beite. Til dels store gåseflokkar kan vere ei utfordring for gardbrukarane og spesielt i år med vanskeleg vêr vert skadane store. Det er truleg meir gås på Fedje enn i Austrheim, men landbruket på Fedje er i tilbakegang og per i dag er det ein aktiv gardbrukar på Fedje. Dei store flokkane med gås er ei utfordring for landbruket på Fedje og vert truleg meir merkbart om fleire startar opp drifta igjen.


Gåsejakt

På landsbasis vart det felt totalt 19 000 grågås sesongen 2015/2016. Uttaket i Hordaland er relativt lite med 270 registrerte fellingar same sesong (ssb.no). Størrelsen på haustbestaden er no anslagsvis 120 – 130 000 individ. Om ei legg til grunn 30 % årlig jaktuttak for å halda bestanden stabil må minimum 35 000 individ takast ut årleg. Det er ein del usikkerheit rundt kor mange av dei norske fuglane som blir felt i utlandet, men det meste tyder på at vi framleis har ein auke i bestanden. For at jakt skal vera eit effektivt reiskap er det viktig at rammene er tilpassa situasjonen.


Sjølv om gåsejakt er ein krevjande jaktform, er det ei spanande jaktform som nok vil interessere fleire småviltjegerar i området. Med bestandsauka på landsbasis og fokus på ordinær jakt vil det kunne føre til at gås blir eit ettertrakta jaktobjekt for fleire. Gåsejakt er og ein fin arena å introdusere nye jegerar til jakt. Det bør vere i grunneigarar si interesse å få auka jaktpresset om dei opplever skader på areala sine som følgje av gåsa.



Figur 5 Datakjelde: Statistisk sentralbyrå. Kva ser me av figuren ?



Figur 6 Datakjelde statistisk sentralbyrå Kva ser me av figuren ?



Figur 7 Datakjelde: Statistisk sentralbyrå Kva ser me av figuren ?

Jakttider på gås

Tabell 1. Jakttid og eggsanking på gås i Noreg, 01.04.2017 – 31.03.2022

Art	Jakttid	Eggsanking til og med
Grågås	10.08-23.12 ¹	15. april ³
Kanadagås	10.08-23.12 ²	1. juli
Kortnebbgås	10.08-23.12	Ikkje eggsanking
Stripegås	10.08-23.12 ²	1. juli
Snøgås	-	Ikkje i Hordaland

- 1) Myndighet til å fastsetje forskrift er delegert til Fylkesmannen:

Fylkesmannen kan opne for jakt på grågås intill 15 dagar før vanleg jaktstart når det er utarbeida lokal forvaltningsplan. I utvida jakttid kan Fylkesmannen fastesetje når jakt skal skje i eit tidsrom frå kl. 24.00 til 10.00.

- 2) Myndighet til å fastsetje forskrift er delegert til fylkeskommunen:

Fylkeskommunen kan opne for jakt på kanadagås og stripegås opptil 15 dagar før jaktstart. Fylkeskommunen kan utvide jakta på kanadagås og stripegås med opptil to månader etter sesongen er avslutta.

- 3) Fylkesmannen kan gje løyve til sinking av egg frå grågås, utover vanleg sluttdato, når det er inkludert i lokal forvaltningsplan for grågås. Fylkesmannen skal godkjenne det faglege innhaldet og tiltaka i plana.

Sanking av egg og dun

«Forskrift om jakt- og fangsttider samt sinking av egg og dun» opnar for at grunneigar kan sanke egg frå grågås, kanadagås, snøgås og stripegås, sjå tabell 1. Forskrifta opnar og for at «brukar» kan sanke egg. Ordet «brukar» er meint å omfatte personar som tidligare var tilknytt «fredlyste egg- og dunvær», det er ingen tradisjon for slik bruk i våre kommunar og retten til sinking av egg ligg difor til grunneigar i våre område.

Forvaltningsplanen legg opp til at jakt på gås skal skje på landbruksareal. Prioriterte areal er fulldyrka og overflatedyrka jord, da det er her konfliktane er størst i dag. Mange bønder baserar ein stor del av drifta på beitebruk, ein legg difor til grunn at innmarksbeite og må inngå som areal ein skal drive jakt på. Grunneigarar som ikkje nyttar beite like intensivt rådast til å la gåsa vare i

fred på beite og fokusere jakta på slåttemarka. Det er og anbefalt å stelle beite som ikkje er i bruk slik at gåsa kan finne mat andre stadar enn der grovforproduksjonen foregår.

Juridiske rammer og retningslinjer i forvaltning av gjæs

Internasjonale rammer og retningslinjer i forvaltning av gjæs

Dei fleste gjæsene vi ser i Noreg med unntak av kanadagås, er ikkje berre norske. Dei er trekkfuglar og migrerer over landegrenser til dei områda som er best eigna med tanke på mat og skjul (Direktoratet for naturforvaltning 1996). Forvaltninga vår av desse artane må difor ha eit større perspektiv enn berre lokalt eller nasjonalt.

Dei ulike gåseartane, med unntak av dei som defineras som framande artar, vert forvalta av fleire internasjonale konvensjonar og avtalar Noreg har forplikta seg til:

- Bernkonvensjonen – Den europeiske naturvernkonvensjonen.
- Bonnkonvensjonen – Om beskyttelse av trekkande arter av ville dyr.
- Vannfuglavtalen – Regional avtale under Bonnkonvensjonen om vern av trekkende vannfugl.
- Ramsarkonvensjonen – Om vern av viktige våtmarksområde av internasjonal betydning.
- Biodiversitetskonvensjonen – Om bevaring og bærekraftig bruk av biologisk mangfald.

Gjennom dei nemnde avtalane og konvensjonane er vi forplikta oss. Dette legg føringar for vår forvaltning av gjess. I avtalane ligg det likevel bestemmelsar om unntak, då spesielt i forhold til artar eller individ som volder skade.

Nasjonale rammer og retningslinjer i forvaltning av gjæs

Utover dei internasjonale konvensjonane og avtalene vi har forplikta oss til å følgje har vi nasjonale lovverk og retningsliner som regulerer forvaltninga av arts mangfald. Nasjonale målsetjingar om å ta vare på biomangfaldet, samt forvaltning av einskilde artar og utøving av jakt som utgjer hovudtrekka i den nasjonale gåseforvaltninga. Den juridiske forvaltninga av vilt i Noreg er basert på Viltlova med tilhørande forskrifter. Desse legg og grunnlaget for vår forvaltning av dei ulike gåseartane. Formålsparagrafen i viltlova §1 seier «Viltet og viltets leveområder skal forvaltas slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevaras. Innanfor denne

ramme kan viltproduksjonen haustas til gode for landbruksnæring og friluftsliv» (ordrett eller dels omsett til nynorsk ??). Viltlova §3, Fredningsprinsippet, er sentral i vår forvaltning av viltet. Denne seier: «Alt vilt, herunder dets egg, reir og bo er fredet med mindre annet følger av lov eller vedtak med hjemmel i lov».

Naturmangfoldloven og viltloven

I 2009 trådde Naturmangfoldloven i kraft og vart det overordna lovverket for forvaltning av norsk natur. Naturmangfoldlova er styrande for norsk viltforvaltning og inneholder følgjande forvaltningsmål for arter:

§ 5 (Forvaltningsmål for arter)

«Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av. Forvaltningsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.»

Naturmangfaldlova førte til ein del endringar i Lov om jakt og fangst av vilt eller viltlova som den og er kjent som. Viltlovas § 1 seier no:

§ 1 (Lovens formål)

«Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldsloven. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.»

Sentral er også naturmangfoldslova sin § 7, som seier: «Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen skal også framgå av beslutningen.»

Naturmangfoldloven §§ 8 – 12

§ 8 (Kunnskapsgrunnlaget)

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjonerers erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.»

§ 9. (føre-var-prinsippet)

«Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate ”å treffe forvaltningstiltak.»

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

«En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.»

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

«Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.»

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

«For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.»

Forskrift om skadefelling og naturmangfoldslova kap. IV.

Felling av skadegjerande vilt: Direktoratet for naturforvaltning kan gje forskrift om felling av bestemte artar i spesielle høve, utan hensyn til fredning og jakttid, jamfør naturmangfoldslova § 18. Forskrift av 1. september 1997, «Om felling av viltarter som gjør skade eller vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon», stadfestar i punkt II, b at kommunen kan gje løyve til felling av kanadagås og grågås når dei gjer skade. Mynde til felling av kvitkinngås er lagt til Fylkesmannen, jamfør punkt II, c. Forskrifta legg til grunn at skade skal ha skjedd i innevarande sesong og i eit omfang som er av vesentleg økonomisk verkning for eigar, eller at konsekvensen vert tilsvarende om skaden held fram.

Helse

Smittevernlova, folkehelselova, forskrift om miljøretta helsevern og forskrift om skadedyrbekjempelse har alle heimel for tiltak mot vilt som er ein trussel for folk. Trussel for folk er til dømes i form av smitte, lukt eller andre plager som kan ha negative helsemessige konsekvensar for menneske. Det er desse heimlane helsetenesta kan bruke når gjess årsakar skade med helsemessige konsekvensar.

Merk at forholdet mellom lovverk for helse og lovverk for vilt er uklar. I høyringsbrev frå helsedirektoratet til Dir. for naturforvaltning, i samband med endring av skadefellingsforskrift i 2009, er forholdet mellom vilt og helse omtalt.

Mål

Forvaltningsmål

I forvaltinga har vi to overordna mål med forvaltinga av gås i Austrheim, Fedje og Radøy. Sikre ein livskraftig populasjon av dei heimehørande artane og redusere konflikten mellom gjess og landbruk til eit minimum.

Bestandsmål

Forvaltinga sitt bestandsmål er ei levekraftig stamme med akseptable skadenivå på innmark. Vi ynskjer inga auke i bestanden og søker å halde bestanden på eit akseptabelt nivå.

Tiltak

Innflygningshinder

Innflygningshinder er et tiltak med blanda resultat. Mellom anna i Trøndelag har dei sett at denne metoden ikkje er effektiv nok mot grågås til å forsvara arbeidet med oppsettjing. I følgje Bjøru (1987) er innflygningshinder eit effektift tiltak mot beiteskade. Likevel ser det ut til at tiltaket har ulik virkning avhengig av arten ein vil hindra. Vang (2014) viser til forsøk på Herøy der Kvitsingåsa vart hindra av innflygningshinder, men tiltaket var ikkje effektivt mot grågåsa som gjerne gjekk inn til beiteområda. Tiltaket vert difor mindre aktuelt i Nordhordland, der grågås utgjer den største populasjonen.

Skremme- og friområde

Ein kombinasjon av skremme- og friområde har vist seg effektivt i fleire forsøk. I skremmeområda blir det nytta ulike tiltak for at gåsa ikkje skal slå seg til ro der, til dømes kan jakt nyttas som uromoment i eit slikt område. Når gåsa ikkje får fred flyttar den helst på seg og om det er avsatt område der den får vera uforstyrra så trekker den inn i dei. Friområde er område grunneigar har godtatt at gåsa kan bruke slik at andre område ikkje blir like hardt beita. Lokale

friområde er og med å bremse
trekktidspunktet og kan gje fleire jaktdagar
med utbytte i dei kringliggjande områda.
Det er viktig at friområde inneheld gode
beitemoglegheiter for gåsa. Utan gode
friområder er det risiko for at gåsa flyttar
seg frå innmark til innmark eller at den

flyttar trekket fram slik at ein ikkje får
regulert bestanda gjennom jakt.



Bilde 3

Flyttbare fugleskremsel kan bøta på skadeomfang, men dei må flyttast ofte.

Gjerder

Gjerder er spesielt effektivt i tida der ungane ikkje enda er flygedyktige. Eit godt gjerde kan hindre tilgang til innmark og lede fuglen inn i friområde. Som tidligare nevnt er ikkje

innflygingshinder eit effektivt tiltak mot grågås då den gjerne går inn til beiteområda. Gjerding skil seg derfor ut som eit relativt rimeleg og gjennomførbart tiltak for å styre grågåsa vekk frå område ein ikkje vil ha beiting. Gjerdet vert satt opp inn på land slik at det vert eit felt mellom gjerdet og vatnet gåsa kan beite på. Slike areal bør vere av ein slik art at ein kan køyre over med beitepussar ein gong i året.

Gardbrukarane i område med mykje gås må setja opp gjerde i ein eller anna form for å begrense skade på dyrkamark. Eit lavt gjerde er nok til å halde dei hekkande fuglane ute og gjer at ein kan skjerme enga frå ein del skade i perioden før gásungane er flygedyktige. I ein skadefellingssituasjon vert det og lettare å skilje mellom hekkande og ikkje hekkande individ.

Tette hekkar med kratt kan og gjera same nytta da gåsa mistar oversikta over området bak hekken. Gåsa er ein var fugl og vert uroleg når den ikkje har god oversikt.

Eggsanking

I område der jaktuttaket ikkje er stort nok har eggsanking vist seg å vera eit effektivt bestandsregulerande tiltak. Eggsanking er likevel krevjande og set krav til at ein har oversikt over reirlokalitetane. Det er og viktig at sanketidspunktet ikkje er så tidlig at gåsa legg nye egg og det er gjerne ein fordel om ikkje alle egg i reira blir tekne slik at gåsa ikkje får fram ungar. Om dei ikkje får fram ungar vil tiltak som gjerder ikkje ha same effekt da det er ungane som gjerne held gåsa på bakken. Gås utan ungar blir meir mobile og beitar oftare, samt at dei gjerne startar trekket tidligare enn sine hekkande artsfrender.

Eggsanking vert ein viktig del av gáseforvaltninga i Nordhordland. Sjølv om det vert opna for utvida jakt vil mykje av skaden ha skjedd før jaktstart og mykje av fuglen vil ha flytta vidare. Gjennom eggsanking eller punktering av egg kan ein meir målretta styre utviklinga av bestanden som kjem innom våre område. Det er behov for sinking av egg utover 15. april som er siste sankedato, jamfør forskrift om jakt- og fangsttider samt sinking av egg og dun. Fylkesmannen kan gje løyve til slik sinking, jamfør § 6 andre ledd.

Skadefelling

Skadefelling er siste utveg i forvaltninga av gåsepopulasjonen vår. Der gåsa har gjort spesielt stor skade har det vært vanlig at det vert løyvd skadefelling. Sjølv om skadeomfanget er stort skal andre tiltak for å begrense skadane prøvast før skadefelling blir vedtatt. Målet er at forvaltningsplanen skal redusere behovet for skadefelling til eit minimum og at vi ikkje skal ha behov for å ta i bruk skadefelling som tiltak. Terskelen for å løyve skadefelling vert og høgare som følgje av plan. I dei tilfelle skadefelling vert vurdert som nødvendig vil det ikkje bli løyvd felling av meir enn to fuglar og det er eit krav at dei som har slåttemark som grensar til vatn eller hekkeområde sett opp gjerde slik at ein kan skilje mellom hekkande og ikkje hekkande fugl.

Jakt

Det vert lagt opp til at bestanda vert regulert gjennom jakt der det er mogleg. Utvida jakttid er viktig da fuglane ofte startar trekket før jaktstart. I planen ligg det eit forslag til forskrift for utvida jakttid på grågås, det er Fylkesmannen som har mynde til å opne for tidligare jaktstart på grågås. Det vert også lagt til grunn at det vert opna for tidligare jaktstart på kanadagås, det er Fylkeskommunen som har mynde til å opne for tidlige jakt på kanadagås.

Tiltaksområder

Friområder

Bør leggast i tilknytning til problemområde på ein slik måte at gåsa kan trekke dit når ho blir forstyrra i skremmeområda. Dette er område der det ikkje blir drevet jakt og gåsa får vera i fred for folk. Sjølv om områda skal ligge i nærleik til skremmeområde er det viktig at dei ikkje ligg så nære at aktiviteta i skremmeområda forstyrrar gåsa. Om ein ikkje nyttar slike område i forvaltninga risikerer ein at trekket blir ytterligare forskjøve og at ein ikkje klarar å forvalte bestanda gjennom jakt.

Landbrukskontoret har lagt opp til at jaging og jakt kun skal skje på dyrkamark utanfor vanleg jakttid. Vårt fokus er å halde konfliktane med landbruket og turisme på eit minimum, men friområda vil truleg og vere utfordrande for ein del.

Ein av utfordringane med friområde i våre kommunar i Nordhordland er den aktive beitebruken. Beitebruken er viktig for å halde landskapet ope, men det gjer og at plassering av friområde er

utfordrande. Det er likevel slik at gås på beitemark er betre enn gås på slåttemark og utmarksbeite må definerast som friområde utanfor jaktsesongen. Det vert lagt til grunn at all utmark er friområde for gåsa i fredningstida og frå 26. juli til 9. august.

Skremmeområder

Fokus må liggje på dei områda der konfliktnivået med jordbruk og friluftsliv er størst. I skremmeområda er alle tiltaka som tidlegare er nevnt aktuelle. Ein må basera seg på aktiv forvaltning i desse områda for at dei skal ha den eff ein ynskjer. Det er i skremmeområda ein skal ha størst jaktpress og mest aktivitet slik at fuglen ikkje vert trygg på at den får vere i fred. I jaktsesongen er det naturleg at det er jakt som vert nytta som skremmeform, dei alternative tiltaka vert viktig elles på året.

Anbefalinga frå landbrukskontoret er at ein opererer med slåttemarka som skremmeområde og at ein let gåsa få fred på beitemark og i utmark. Ein må setje av område med naudsynt beitekvalitet for at gåsa skal halde seg unna slåttearealet. Målet med planen er ikkje å fjerne gåsa frå Nordhordland, men å finne løysningar som gjer at konfliktnivået vert redusert.

Forslag til forskrift

Forskrift om jakttid og døgnregulering av jakt etter grågås i Radøy, Austrheim og Fedje kommune, Hordaland fylke.

Fastsatt for Hordaland fylke xx.xx.2018 med heimel i ...

Det vert opna for tidligere jaktstart på grågås i Radøy, Austrheim og Fedje kommune med bakgrunn i forvaltningsplan for gås i dei omtalte kommunane.

Det vert opna for tidligere jakt på grågås med følgjande avgrensing av dager, tid på døgnet og innafor følgjande geografiske avgrensing fram til ordinær jaktstart 10. august:

Dato	Tid på døgnet	Områdeavgrensing
26. juli – 9. august	04.00 – 10.00	Fulldyrka og overflatedyrka jord i drift, samt gjødsla innmarksbeite.
10. august – 23.desember	Heile døgnet	Ingen

Hordaland fylke kan endre eller oppheve forskrifter dersom det vert naudsynt.

Kjelder

Bjøru, R. 1987. Forebyggende tiltak mot gåseskader på dyrka jord. Rapport fylkesmannen i Nordland nr. 2-87.

Direktoratet for naturforvaltning 1996. Handlingsplan for forvaltning av gjess. DN-rapport 1996-2. 79 s.

Heggberget, T.M. & Reitan, O. 1994. Kanadagås *Branta canadensis*

https://kilden.nibio.no/?topic=arealinformasjon&X=6766160.98&Y=-45122.19&zoom=6&lang=nb&bgLayer=graatone_cache&catalogNodes=618,16&layers=ar5_bonitet,ar50_arealtype&layers_opacity=1,0.75,0.75

Kristiansen, L.H., Mogstad, D.K., Shimmings, p. og Follestad, A. 2005. Evaluering av forvaltningsplaner for gås i Norge. Norsk institutt for planteforskning og Norsk institutt for Naturforskning. 81 s.

Mehlum, F. 2016. Hvitkinngås. I store norske leksikon. Lest 1. november 2016 på

<https://snl.no/hvitkinng%C3%A5s>.

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=Raadyr&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=jord-skog-jakt-og-fiskeri&KortNavnWeb=srjakt&StatVariant=&checked=true>

Steinsvåg, M.J. 2008. Forvaltningsplan for gjess i Hordaland: Utfordringar, målsetjingar og tilrådingar – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga. MVA-rapport 3/2008. 44s. + vedlegg.

<https://snl.no/hvitkinng%C3%A5s> hentet 12.11.17.

Vang, K. 2014. Forvaltningsplan for kortnebbgås, hvitkinngås og grågås i Alstahaug Dønna Herøy Vega Kommuner 2014 – 2017. Dønna Kommune.

Vedlegg

Arealtype (AR50)

- █ Jordbruksareal
- █ Skog
- Snaumark
- █ Myr
- █ Bebygd og samferdsel
- █ Snøisbre
- █ Ferskvann
- █ Hav
- █ Ikke kartlagt

Bilde 4 Teiknforklaring markslagskart



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Kart fra Kilden



0 1 2 3km

kilden.nibio.no


30.11.2017



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Kart fra Kilden



0 1 2 3km

kilden.nibio.no


30.11.2017



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Kart fra Kilden



0 1 2 3km

kilden.nibio.no

30.11.2017